



Giske skule

Avtale om utlån av nettbrett til undervisning

Dette nettbrettet skal brukast av: _____ (eleven sitt namn)

til skullearbeid som ein personleg nettbrett i skulen. Avtalen gjeld frå påført dato og signering av denne låneavtalen. Nettbrettet er skulen sin eigedom og skal leverast tilbake etter 4 år eller når eleven sluttar ved skulen.

Ved å signere denne låneavtalen, godtar lånar og lånaren sine føresette følgjande reglement:

1. Allereie etablert regelverk

- a) Skulen sitt ordensreglement gjeld også for denne låneavtalen.
- b) Reglar for bruk nettbrett vil ligge på skulen/kommunen si heimeside og vil kunne oppdaterast ved behov.

2. Administrasjon

- a) Skulen har kontroll over oppsett på nettbrettet og innkjøp og distribusjon av appar.
- b) Skulen kan når som helst be om å få tilbake nettbrettet av tekniske eller praktiske årsaker. Eleven må i slike tilfelle levere tilbake nettbrettet ulåst (utan passord eller pinkode).

3. Praktisk bruk

- a) Nettbrettet skal alltid vere med på skulen.
- b) Heimen må sørge for at nettbrettet kvar dag er oppdatert og lada til å kunne brukast gjennom heile skuledagen.
- c) Nettbrettet skal oppbevarast på skulen i helgane. Må vere 80% lada til kvar fredag for å vere klar til måndag.
- d) Deksel som blir utlevert med nettbrettet, skal alltid vere på
- e) Eleven og/eller foreldra vil kunne bli erstatningspliktige dersom nettbrettet er skadd med vilje eller fordi eleven ikkje har passa godt nok på. Sjå Lov om skadeserstatning (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-26?q=skadeserstatning>).
- f) Appar skulen installerer på nettbrettet må ikkje fjernast.
- g) Skulen tar ikkje ansvar for tap av data og har rett til å slette innhold på nettbrettet. Privat innhold må difor også lagrast på andre plassar.
- h) Ladar og ledning som blir utlevert, må leverast tilbake saman med nettbrettet når avtalen blir avslutta. Manglande ladar/ledning må erstattast.

I tillegg til sanksjonar i ordensreglane kan skulen krevje nettbrettet levert inn for ein periode, om eleven bryt ordensreglane, «Reglar for bruk av nettbrettet» eller reglane i denne låneavtalen.

Nettbrett er utlevert den _____

Eleven sin signatur

Føresette sin signatur

Lærar sin signatur